

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	26.09.2025
Vår referanse	2025/48326-9
Dykkar referanse	65e8d8d1-2508-428a-8509-
Sakshandsamar	52f698bfda87
E-post	Bjornar.Tjoflot
Telefon	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
	99100814

Høyringsuttale til søknad om nedlegging av dam Skredderdalen og dam Storevatn, Nve-ref.: 202503240 og 202423207

Samandrag av hovudmerknader

Kulturminne og kulturmiljø

Nedlegginga av dammane Storevatnet og Skredderdalen inneber eit tap av tekniske kulturminne med høge regionale verdiar, knytt til ei møllehistorie som har nasjonal betydning. Samstundes blir det uttrykt forståing for at vidare sikring ville medført store naturinngrep og ressursbruk.

Vassmiljø

Vi rår til att det takast omsyn til fisk og ferskvassorganismar ved nedlegginga av dam Storevatn. Det er viktig å unngå å lage nye vandringshinder og sørge for at avrenning ikkje skadar gytegroper.

Etablering av naturleg elvestreng vil vere positivt for vassførekomsten Storediket nedstraums dam Skredderdalen. Vi anbefaler at eksisterande vandringshindringar oppstraums vert fjerna, og at ein hindrar ureining under anleggsarbeidet.

Friluftsliv og folkehelse

Nedlegginga av dammane ved Skredderdalen og Storevatnet vil merkbart endre landskapsopplevinga. Ved Skredderdalen kan området bli attraktivt for friluftsliv etter revegeteringsprosessen og utbetring av «Eseltrappa». Ved Storevatnet vil alternative stiar krevjast for å sikra ferdsel oppover mot byfjellet, og tiltak må gjennomførast for å bevare badeaktivitetane ved vatnet. Effektiv informasjonsformidling om desse prosessane er essensielt gjennom heile anleggs- og etterbruksfasen.

Bakgrunn

NVE har sendt søknad frå Bergen kommune om nedlegging av dam Skredderdalen i Muleelvvassdraget og dam Storevatnet i Storemøllenvassdraget på høyring. Søknaden er fremja med heimel i vassressurslova §§ 8 og 41, og bakgrunnen er at dammane ikkje lenger tilfredsstiller krav til tryggleik, og at dei ikkje er i bruk som drikkevasskjelde. I tråd med hovudregelen i vassressurslova skal anlegg som ikkje skal haldast ved like, fjernast og området førast attende til naturtilstand så langt det let seg gjere. Høyringa har som føremål å få innspel om verknader for allmenne interesser og forslag til avbøtande tiltak.

Vurdering

Kulturminne og kulturmiljø

Nedlegging av dam Storevatnet i Storemøllenvassdraget og dam Skredderdalen i Muleelvvassdraget inneber, frå ein kulturmiljøfagleg ståstad, eit tap av tekniske kulturminne med høge, regionale kulturmiljøverdiar. Gjennom heile mellomalderen og fram til moderne tid kan mølledrifta i

Bergensområdet seiast å vere framståande i nasjonal samanheng. Storemøllenvassdraget og Muleelvassdraget har truleg hatt mølledrift sidan 1300-talet. Når det gjeld dei omsøkte damanlegga, så blei dam Storevatnet anlagt i århundreskiftet 17-1800 og dam Skredderdalen anlagt i 1882.

Nedlegginga av dam Storevatnet er planlagt utført ved å fjerne så mykje av hovuddammen at alle resterande delar av damanlegget (hovuddam, dam i sør samt dam i nord) står tørre ved berekna tiårsflaum. Når det gjeld nedlegginga av dam Skredderdalen så planlegg ein for å i stor grad bevare den karakteristiske damkonstruksjonen som eit teknisk kulturminne. Det er planlagt å rive ei inntil 10 meter brei opning der dammen er på sitt høgste og reetablere det opphavlege elveløpet gjennom det nedtappa vassmagsinet.

Begge damanlegga er sentralt lokalisert i byfjella, som er definert som eit kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse i form av å vere eit bynært rekreasjonslandskap (K417). I nasjonal samanheng er byfjella eit framståande og i sjeldan grad gjennomført døme på eit rekreasjonslandskap som sprang ut av nasjonalromantiske førestillingar og visjonar om folkehelse, som vaks seg sterke mot slutten av 1800-talet. Byfjella har stor opplevings- og bruksverdi, og damanlegga med vasspegl er viktige i denne samanheng. For folk i dag representerer dei ein naturleg del av landskapet, og vi hadde helst sett at dette ikkje blei endra. Men vi er innforstått med at sikring og varetaking av dammane ville medført store naturinngrep, og stor ressursbruk, og ser oss nøgde med føringane for nedlegging slik dei blir presentert i høyringa.

Byantikvaren har skildra dei tekniske kulturminna langs Muleelvassdraget i eit kulturminnegrunnlag frå 2002, og vi saknar ein tilsvarande kulturminnedokumentasjon av Storemøllenvassdraget. Eit slikt arbeid må prioriterast i den vidare prosessen.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum, som har forvaltingsansvar for kulturminne under vatn i sjø og vassdrag. I brev, datert 02.09.25., viser dei til at dei ikkje kjenner til kulturminne ved Skredderdalen som kan bli direkte råka av tiltaket. Museet viser vidare til meldeplikten med tanke på funn av kulturminne, jamfør vedlegg.

Vassmiljø

Seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv har vurdert saka som regional vassregionmynde og som mynde for innlandsfisk av ikkje-trua bestandar.

Dam Storevatnet

Storevatnet er ein del av vassførekomst Munkebotn til Eidsvåg (056-138-R). Vassførekomsten er klassifisert til å vere i moderat økologisk tilstand og god kjemisk tilstand. Miljømålet er sett til god økologisk og kjemisk tilstand.

Vi kjenner ikkje til fiskebestanden i Storevatnet, men vi reknar med at det er aure i vatnet. Vasstanden er allereie tappa ned 5,5 m. Ut i frå konsesjonssøknaden vil nivået på vasstanden ligge 0,5 m under kva det gjer i dag når dammen er nedlagt. Ved nedtapping er det viktig at dette vert utført med omsyn til ferskvassorganismar i vassdraget nedstraums.

Når det skal dimensjonerast nytt utløp er det viktig at dette ikkje fører til etablering av vandringshinder for fisken. Vidare er det viktig at anleggsarbeidet knytt til nedlegging av dammen ikkje fører til avrenning av sediment som legg seg i gytetroper nedstraums eller fører til anna ureining om kan skade fisk og andre ferskvassorganismar.

Dam Skredderdalen

Dam Skredderdalen er ein del av vassførekomst Storediket nedstraums (ID: 056-58-R) og er ein sterkt modifisert vassførekomst (SMVF) og er klassifisert til å vere i moderat økologisk potensial. Miljømålet er sett til godt økologisk og kjemisk potensial innan 2027.

Ei nedtapping av dammen vil redusere det økologiske funksjonsområdet dammen utgjer i dag. Sjølv om dette er negativt for auren som lev i dammen vil ein etablering av naturleg elvestreng vere positivt for vassførekomsten Storediket nedstraums. På generell basis vil ein gjerne at tiltak knytt til sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF) søker å bidra til at vi når måla frå vassforskrifta og regional vassforvaltningsplan for SMVF i Vestland vassregion om godt økologisk potensiale og god kjemisk

tilstand dersom praktisk og økonomisk mogleg. Vi vil difor anbefale at dei to vandringshindra som ligg rett oppstraums dammen vert fjerna i samband med anleggsarbeidet.

Vidare er det viktig å vise varsemd i tilknytning til anleggsarbeidet og sørgja for at det vert minst mogleg partikkelavrenning og anna ureining.

Friluftsliv og folkehelse

Dam Skredderdalen

Dammen ved Skredderdalen ligg innanføre dei sentrale byfjella i Bergen. Dette er område som er vurdert som svært viktige i Bergen kommune si kartlegging av friluftslivsområde.

Når det gjeld friluftsliv vil den største konsekvensen av nedlegging av dammen ved Skredderdalen vere at landskapsopplevinga for dei som ferdast her vil bli endra. Spesielt i ein periode før dammen blir re-vegetert, kan nok den tømte dammen for ein del opplevast som eit «sår» i landskapet. Det er likevel grunn til å tru at areala vil revegeterast ganske raskt og folk vil bli vande med den nye situasjonen.

I situasjonsplanen er det vist til fleire tiltak som vil vere positive for friluftslivet. Mellom anna vil «Eseltrappa», som er ein viktig tilkomst til byfjella, verta utbetra. Området der dammen har vore kan ha potensiale til å bli eit attraktivt opphaldsareal for t.d. barnehagar og skuleklassar.

Skredderdalen er ein mykje nytta tilkomst til byfjellsområdet og det er viktig at ferdsel forbi anleggsområdet sikrast i anleggsperioden.

Dam Storevatnet

Storevatnet ligg innanføre dei sentrale byfjella i Bergen. Dette området er vurdert som svært viktig i Bergen kommune si kartlegging av friluftslivsområde.

Når det gjeld friluftsliv vil den største konsekvensen av nedlegging av dammen vere at landskapsopplevinga for dei som ferdast rundt Storevatnet vil bli endra. Turvegen langs sørsida av Storevatnet er mykje nytta og ei nedtapping av vatnet vil nok for dei mange som ferdast her kunne opplevast som eit stort landskapsinngrep, særleg før den nedtappa strandsona blir revegetert.

Det går turstiar over alle dei tre dammane. Det går fram av konsesjonssøknaden at stien over hovud-dammen vil fjernast, da det ikkje er ønskeleg å legge til rette for gangtrafikk på denne pga. rasfare. Kva konsekvensar dette vil få for ferdsel vidare oppover mot byfjellet er går ikkje klart fram av konsesjonssøknaden. Som eit avbøtande tiltak anbefaler vi at det opparbeidast ein alternativ tursti forbi hovud-dammen.

Storevatnet er eit populært badevatn. Etter nedtapping av vatnet vil ein ikkje lenger kunne bade frå dammane, men i følge konsesjonssøknaden vil det framleis vere moglegheiter for bading i det vatnet som blir att. Eit avbøtande tiltak vil i så måte vere å legge til rette for bading her, t.d. ved etablering av ein sti til vatnet og opparbeiding av ei badestrand.

Eit anna avbøtande tiltak vil vere god informasjon, både om prosjektet i anleggsfasen, men og informasjonstiltak om t.d. friluftsliv, kulturminne og naturmangfald i ettertid.

Fagansvarleg sakshandsamar for følgjande tema:

- Friluftsliv; Anders Søyland
- Kulturminne og kulturmiljø; Berit Vik
- Vassmiljø; Marlene Sørli

Med helsing

Sølve Dag Sundbø

Bjørnar Tjoflot

seksjonsleiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

seniorrådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1

Vedr.pdf

Kopi til:

Bergen kommune

Postboks 7700

5020

BERGEN

Statsforvaltaren i Vestland

Statens hus - Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER